

No er vi i mai, men framleis har ikkje firmaet Direct Connect makta å skaffa dei som bur oppover i Uskedalen breibandsamband. Og det vil framleis ta ei tid før det skjer, får uskedalen.no opplyst

Sambandet på Uskedalen-sida av fjorden skal no vera i orden, men dei venter på at Netcom skal klargjera linken i Ølve slik at den kan nyttast.

Utifrå kontrakta som vart inngått mellom Direct Connect og kommunen skulle breibandsambandet ha vore ordna innan årsskiftet i dei delane av Kvinnherad som framleis saknar slikt samband.